

### Utvikling

Det går framover i alle fruktdistrikt. Vestlandet er fremdeles kommen noko lenger i den fenologiske utviklinga og karten er kanskje noko større enn Austlandet akuratt no. Erfaringsmessig er tida framover i juni meir drivande på Austlandet, så då blir det vel der ein startar innhaustinga i år også?



Foto: Gaute Myren. På Austlandet er karten er rundt 0-5 mm i 'Aroma' t.h. og 5-10 mm i 'Discovery' t.v.

Det er mykje larver, bladlus og eplesugar i fleire felt. Andre felt er det fråvær av utfordringane, så her gjeld det å følgje med ei eiga hage. De er ikkje så mange direkte tiltak som er aktuelle i økologisk. Eplesugaren er nok skadepotensialet framover lite, sjølv om det kan sjå voldsomt ut når ein blir nedsylda av grønne små individ. For bladlus er det spesielt i unge plantingar at ein må holde den i sjakk. For mange av larvene som frostmålar har dei alt gjort skaden i felta og utviklar seg vidare til vakse individ. Epleviklaren skal ein nok følgje med framover.

Epleskurv er viktig å passe på. Det er fleire store skurvinfeksjonar ein skal ha god dekning på.



Ikkje gløym nyplantingen med tanke på vatning. I tillegg bør ein være svært aktivt med bladlusbekjemping. Knip blomst når dei kjem. Start epleskurbekjempinga i desse plantingane også.

## Ugras



Løvetann er for lengst avblomstra. Hundegraset er godt oppi trea om det ikkje er handtert. Planlegg å få frest kvar tredje veke fram til blomstring.


## Gjødsling

Det er fleire alternativ til gjødselmiddel. Hugs å skylle røyrsystemet etter bruk, minst 15 min med rent vann. Elles kan det starte å gro i dryppvatningsdysene.



## Ebleskurv

Det er no forskjellar mellom dei ulike fruktdistrikta når det gjeld tidspunkta for skurvinfeksjon. På Vestlandet har det vore ein til to viktige infeksjonsperiodar, mens det har komme to kraftige infeksjonar på rappen på Austlandet den siste veka. Det må ideelt sprøytast førebyggjande, i infeksjonsvindauge og kurativt etterpå. [Velkommen - VIPSWeb \(vips-landbruk.no\)](http://VIPSWeb(vips-landbruk.no)).



For stasjonen Rygge i Østfold har det vore så store regnmengder at det bør sprøytast fleire gonger på samme varselet. Forebyggende sprøyting med Thiovit Jet tirsdag 28. mai har en god dekning på sporekastingen tirsdag kveld. Grunnet for store nedbørmengder held ikkje dette no. Sprøyt kurativt i tillegg på onsdag 29. mai. Bland inn Thiovit Jet for det kommande regnet.

## Følg med

Thiovit Jet er et godt skurvmiddel, men det blir lettare vaska av bladverket og har dermed kortare verketid enn andre skurvmiddel. Det er også mogeleg å bruke bakepulver eller natron som kurativt middel. Varmen me har no gjer at det raskt blir sviskader, men det må en tole. Det er viktigere å bekjempe epleskurven. Unngå å kjøre i solskinn er uansett en grei regel.



## Tiltak mot epleskurv

- ✓ Thiovit Jet; 300-450 g/daa. Bruk lågaste dose ved hyppig bruk, slik som no.
- ✓ Bakepulver; 750 g/daa. Brukast etter skurvinfeksjon, men før infeksjonen rekk å vekse inn i blada. Tida dette tek vil varier med temperaturen, men ofte er det for seint etter 30 timer.
- ✓ Natron; 500 g/daa. Kan oppstå sviskadar på dunakart og om det tørkar seint opp.

## Insekts

- Turex 50 WG er eit biologisk insektmiddel basert på sporar frå bakterien *Bacillus thuringiensis* spp. *aizawai*.
- Madex Top er eit virus (*Cydia pomonella* granulovirus) som verkar ved at epleviklar-larvene kjem i nærbane med behandla materiale. Sprøyttidspunkt og dosering skal tilpassast eggklekkings-kurven i RIMPro-varsling for epleviklar. Normalt er bekjempingstidspunktet i midten av juni. Det er viktig å oppbevare middelet kjølig, helst i fryseboks.

## Bladlus

Krølla blad kan tyde på bladlus. Det er fleire typar bladlus, men i hovudsak er det fire typar. Den som gjer mest skade er raud eplebladlus som sug på karten og lagar små knertepler.




## Bankeprøve

Det er no mindre aktuelt å nytte bankeprøvar. Mange av larvene har gjort skaden og rullar seg inn i bladverket eller forpuppar seg. Følg allikevel med for larver og vurder bruk av Turex 50 WG. Sjølv om Turex har nevnt epleviklaren på etiketten, vil me anbefale å nytte Madex Top mot epleviklaren. Dette grunna at epleviklaren ikkje er særleg hissig på anna enn sjølve eplet og får dermed i seg for lite av bakterien i Turex.

Epleviklar



Epleviklareren overvintrar i stammer og sprekker på trea. Når det blir tilstrekkeleg varme vil viklaren gå ut av puppene som vaksne. Desse vaksne individua kan me fange i feromonfeller. Denne fangsten har alt tatt til på dei lokalitetane den blir overvaka. Epleviklaren finst over heile Austlandet og Sogndal på Vestlandet. Det tek vanlegvis to til tre veker frå første fangst av vaksne til ein bør setje inn tiltak mot larvene. Dette kan ein finne meir om på [Varslingsmodeller og skadeterskler - VIPSWeb \(vips-landbruk.no\)](https://varslingsmodeller.ips-nlr.no)



Bilete 2: skjermdump frå VIPS 29/5-2. De ulike søylene viser vaksne, egglegging og larveklekking. I øveste graf L1 larva er viktigast å følgje med på.

## Bekjemping epleviklar

Når larvane startar å klekje må ein ta første sprøyting med Madex Top. Det skjer vanlegvis rundt midten av juni, men i år kan det bli tidlegare. Sprøyting må skje før alt for mange epleviklarlarver har gått inn i eplekarten.

## Kontaktpersoner for de ulike kulturene:

### Økologisk frukt:

Gaute Myren, tlf. 905 07 087  
([gaute.myren@nlr.no](mailto:gaute.myren@nlr.no))

### Økologisk bringebær:

Stanislav Strbac, tlf. 975 43 560  
([stanislav.strbac@nlr.no](mailto:stanislav.strbac@nlr.no))

### Økologisk jordbær:

Jan Karstein Henriksen, tlf. 905 90 032  
([jkh@nlr.no](mailto:jkh@nlr.no))

### Økologisk ribes:

Jørn Haslestad, tlf. 977 23 458  
([jorn.haslestad@nlr.no](mailto:jorn.haslestad@nlr.no))

